

Postmottaket

Fra: Hans Jørgen Aase [hans.aase@bo.kommune.no]
Sendt: 10. desember 2003 13:05
Til: Postmottaket
Emne: Saksnr 2003 02997 Høyring på forskrifter

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget



Høyring på
forskrifter.doc



Behandling i
p.n.t.doc

Vedlagt følger høyringsuttale fra Bø kommune <<Høyring på forskrifter.doc>>
<<Behandling i p.n.t.doc>>

Hans Jørgen Aase
Skogbrukssjef
Bø kommune

Tlf 35060477 95170096
Epost hans.jorgen.aase@bo.kommune.no

Landbruksdepartementet	
Saksnr:	2003 / 2997 - 107
Mottatt:	12 DES 2003
Saksbeh.	ASR/BS
Kopi:	TIN 486



Landbruksdepartementet

NÆRING OG RESSURSFORVALTNING

Dato: 10.12.2003
Arkivnr.: V10
Vår ref.: 03/1113-3

**HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE
MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I
SKOGBRUKET**

Bø kommune v/utval for plan, næring og teknikk har behandla utkasta til nye forskrifter i møte 24.11.03. I tillegg til utvalets uttale fekk administrasjonen fullmakt til å gje fagleg uttale til dei enkelte paragrafane. Bø kommune vil med bakgrunn i dette komme med følgjande merknader og innspel til høringa:

Bø kommune stiller seg positive til omlegginga som forskriftene legg opp til. Ordningane vil gje auka lokal påverknad og moglegheiter til å prioritere dei lokalt viktige tiltaka. Ein vil likevel påpeke at forskrift om tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket gir ein unødvendig detaljstyring på bruken av midlane, på område der ein lokalt bør kunne ha føresetnader og kunnskapar for å kunne gjere gode faglege prioriteringar.

Det er varsla ei avgrensing i tildelingsbrevet på bruken av tilskot til vegformål slik at desse maksimalt kan utgjære 50% av tildelte beløp til skogtiltak i den enkelte kommune. Denne ordninga er etter det me kan sjå vanskeleg å forvalte gjennom året og vil gje svært uklare rammebetingelsar for brukarane. Føremålet med begrensinga er også noko uklar, og vårt forslag er at denne derfor blir fjerna.

Til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er det følgjande merknader:

Til § 2-1

Tilskot til skjøtsel av kantsoner og skjøtsel av skog i samanheng med kulturminne bør flyttas til kapittel 4: Tilskot til miljøtiltak i skog.

Begrensinga med å ikkje kunne gje tilskot til planting og såing bør fjernast. Dette kan vanskeleg forsvarast ut i frå ein skogfagleg grunngjeving. Dersom skogreising i kyststrøka eller monokulturar av gran i kulturlandskap er årsaka til avgrensinga, bør dette regulerast på annan måte.

Til § 5-1

Taubanedrifter kan etter denne forskrifta ikkje gjevast tilskot. Tilskotsordninga til drift i bratt terreng har i det seinare fått ei negativ fokusering på seg ved at ein "subsiderar" drift i vanskeleg terreng som inneheld skogområde med store miljøverdiar. Dersom desse skogareala i forkant av drifta er "klarera" gjennom biologiske registreringar, bør det avgjerast lokalt om

denne delen av skogbruket i kommunen/distriktet er så viktig at den blir prioritera i tilskotssamanheng. Formuleringa om at det ikkje er høve til i gi tilskot til taubanedrift bør fjernast.

Til § 6-1 og 6-3

Søknad om tilskot skal etter denne paragrafen skrivast på det skjema som er utarbeida for det enkelte føremål. Når det gjeld skogkulturtiltak bør ordninga som er nytta i skogavgiftsregnskapet med framvisning av kostnadsbilag og statistikkopplysningar og "automatisk" innføring av tilskot på skogavgiftskonto kunne vidareførast.

Med helsing

Hans Jørgen Aase (s)
skogbrukssjef



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Plan, teknikk og næring	24.11.03	011/03	HJA

Saksansvarleg:

Arkiv:

Arkivsaknr: V10

Oppfølgjingsansvar:

Tidsfrist:

HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG TIL NÆRINGS-OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

Vedlegg:

Saksumtale:

Det er vedteke (St.meld. nr. 1 2001-2002) at ei rekke nye oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Dette gjeld vedtaksmyndighet i saker etter jord- konsesjon og skoglov, samt forvaltning av økonomiske verkemiddel frå Landbrukets utviklingsfond (LUF). Kommunane vil frå 2004 få tildela ein årleg ramme som omfattar midla til miljøtiltak i landbruket, nærings og miljøtiltak i skogbruket og midlar til skogbruksplanlegging. Bruken av desse midlane skal forvaltas med grunnlag i nye forskrifter som no er under utarbeiding, og som no er ute på høyring med frist 11 desember. Høyringsbrevet og utkasta til forskrifter er vedlagt saka.

Forslag til uttale:

Det blir føreslege følgjande uttale til forskriftene:

Bø kommune har motteke brev datera 28.10.03, og vil med dette kome med følgjande innspel til høring på ny forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Bø kommune stiller seg positive til omlegginga som forskriftene legg opp til. Ordninga vil gje auka lokal påverknad og moglegheiter til å prioritere dei lokalt viktige tiltaka.

Det er varsla ei avgrensing i bruken av tilskot til vegformål slik at desse maksimalt kan utgjære 50% av tildelte beløp til skogtiltak i den enkelte kommune. Denne ordninga er etter det me kan sjå vanskeleg å forvalte gjennom året og vil gje svært uklare rammebetingelsar for brukarane. Føremålet med begrensinga er også noko uklar, og vårt forslag er at denne derfor blir fjerna.

Kommentarer til dei enkelte paragrafane blir framlagt i møtet.

Rådmannen Bø kommune vedtek uttale til utkast til forskrifter som føreslege i
tilråd: saksframlegget.

PTN-011/03

Vedtak: Som rådmannen si tilråding med følgjande tillegg: Administrasjonen får fullmakt til å gje faglege uttaler til dei enkelte punkta i rundskrivet. Samrøystes.